

Kåre Frøland  
FAU trafikk, Sagstad Skule  
02.05.2018

Meland kommune

Saksbehandler:

Rådmann/stab/Reidun Elin Johannessen Vår referanse: 15/244 - 5 / FA - N06

## **Innsigelser til Emne: Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564**

### ***Flatøyvegen – Rosslandsvegen-Bustølvegen (til Sagstad skule):***

#### *Konklusjon/tilråding:*

*Vegstrekninga - FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen- Bustølvegen (til Sagstad skule) - har på det meste gode føresetnader. Elevar på 2.-3. trinn vil framleis ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje lenger ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.*

### **Innsigelser frå FAU til tilråding:**

- Gangveg over Krossnessundbrua har ikkje tilfredsstillande breidde samt for lavt rekkverk mot trafikk. Dette ikkje å betrakta som ein trygg skuleveg, heller særleg farleg. Det vert også vert påpeika i vurderinga at gangsti over Krossnessundbrua er smal og autovern/gjerde er såpass låg at barn lett kan sitje seg eller lene seg over kanten.. Det er derimot ikkje vurdert noko om tiltak rundt dette. Ein kan ikkje påpeika at her er det ein overhengande fare uten at ein vurderer tiltak for å redusera denne faren.

- Notatet tar ikkje opp i seg at elevane må krysse Frekhaugkrysset. Frekhaugkrysset er eit uoversiktleg kryss med stor trafikk inn og ut frå Frekhaug senter/bussterminalen og Rosslandsvegen. I krysset er det ikkje fotgjengarovergang eller gangfelt som gir dei gåande prioritert. Utbetring av Frekhaugkrysset er omtalt i Meland kommune sin tiltaksplan for trafikksikring. I tiltaksplanen kjem det fram at det er planer om å utbetre krysset som ein del av Nordhordlandspakken.

-I bustølvegen benyttar ein bilveg til sykkel-/gangsti, denne strekninga har stor persontrafikk til/frå skulen og er tidlegare foreslått av FAU å utbetras med oppmerking for syklistar og fotgjengere (maling i veg).

- Vil potensielt medføra økt privat biltrafikk ved Sagstad skule då fleire vil kjøyre barna, dette er allereie eit belasta område mht. biltrafikk.

Meland kommune

Saksbehandler:

Rådmann/stab/Reidun Elin Johannessen Vår referanse: 15/244 - 5 / FA - N06

02.05.2018

Side 2

- Elevar 4.-7. trinn som bur lenger enn 4 km fra Sagstad skule (ca. alle som bor nord/øst for Flatøy Skule) vil fortsatt ha rett på skuleskyss, det vil sei at born som bur relativt nær kvarandre vil ha ulike tilbod/rettigheter og dette kan virka svært urettferdig. Strekninga er altfor langt å gå kvar dag med tung ransel, om det er 3,8 km eller 4,1 km.

- **FAU vurderer deler av strekninga som særleg farleg**
- **Det må fortsatt gå buss for dei med lenger enn 4km,**
- **Farleg kryss ved Frekhaug senter må utbetras/evt. tiltak med trafikkvakter**
- **Utrygg strekning over Krossnessundbrua må vurderes/utbetras**
- **Potensielt kan dette medføre økt trafikkbelastning ved Sagstad Skule.**

**FAU jobbar for at alle elevar skal ha trygg skuleveg og at foreldre skal vera trygge når dei sender borna sine avgarde til skulen, me klarar ikkje å sjå at dette er ivaretatt i dette forslaget.**

**Vi stiller også spørsmål med gevinsten i det å kutte ut fri skuleskyss til nokre av borna på Flatøy.**

**FAU oppfordrar Meland Kommune til å revurdere tilråding og opprettholda fri skuleskyss tilbod til alle frå Flatøy.**

**FAU meiner at det er få elevar som ikkje får rett til fri skyss og dermed ein låg pris å betala for den store reduksjonen av risiko ved å oppretthalda busstilbod.**

*Vennlig hilsen*

*Kåre Frøland*

*FAU trafikk, Sagstad Skule*